

Nye E39 Lavik ferjekai – tryggare og trivlegare

NÆRINFO 6

E39 Lavik–Oppedal



Held fram med arbeidet innover fjorden

Når veganlegget står ferdig i Lavik i september, vil Statens vegvesen halde fram med opprustinga av E39 innover mot Alværa. Strekninga markert med grønt i bildet over skal få breiare veg, og elles blir det gjort mindre utbetringar, som skogrydding og fjerning av nokre knausar langs heile strekninga. Resultatet skal bli ein tryggare veg.

Lenger inne, ved Torvund, kjem det m.a. hjortegjerde ved tunnelmunninga til Norevik-tunnelen og oppgradering av busslomme med nytt busskur på oppsida av vegen ved Ytre Torvund.

Vegarbeidet innover fjorden er planlagt å stå ferdig før jul.



Her ved Ytre Torvund blir busslomma oppgradert med m.a. busskur.

Kaia

På ferjekaia har det no vore drift på den nye delen sidan nyttår, og i mai tok også hurtigbåten i bruk si nye kai. I løpet av våren har det blitt jobba med å gjere ferdig inste delen av kaia med oppstillingsplassar og ferjekai nummer 2. Kaiområdet er heva med opp mot 2 meters høgde på det meste.

Inste delen av den nye ferjekaia byrjar å ta form.



Betongsaging under vatn

Då dei siste restane av den gamle kaia skulle vekk, blei det teke i bruk ein ny metode for betongsaging under vatn. I staden for å sprengje vekk dei 22 pelane som stod att, slik det opprinneleg var tenkt, vart dei kutta av ved botn og løfta vekk. Operasjonen gjekk etter planen, og slik unngjekk ein både omfattande opprydding og forverring av miljøet på fjordbotnen.

Betongsaga som vart nytta i operasjonen med å fjerne dei 22 pelane som stod att etter den gamle kaia.



Sentrum

Oppgraderinga av sentrum er i full gang. Ny snarveg/sti frå fv. 607 og ned til ferjekaia er ferdig, og den nye gangbrua over «Griserompa» er på plass. Det er sprengt vekk ein fjellknaus ved bussgarasjen for å gje plass til gangveg på oppsida av vegen gjennom Lavik sentrum. Frå den nye kaia og ut til «Prestefjæra» vil det i løpet av hausten kome på plass ein sti/bru over svaberga.

Den nye gangbrua over «Griserompa» attmed eksisterande vegbru på fv. 607.



På Facebook

Statens vegvesen har oppretta ei facebookside som heiter «E39 gjennom Sogn og Fjordane». Her finn du bilder, videoar og lenker om prosjektet i Lavik og andre vegprosjekt langs hovudferdselsåra frå sør til nord i fylket. Lik og del!

Ny byggjeleiar

Frå mars 2015 overtok Gaute Strømme som byggjeleiar etter Reidar Fristad. Strømme kom frå stillinga som kontrollingeniør på prosjektet, og den blide sørlendingen trivst godt i Lavik.

– Det viktigaste eg gjer som byggjeleiar er å halde konsulentar og entreprenørar i øyrene, og å bidra til god stemning og motivasjon hos arbeidarane. Då får Statens vegvesen den kvaliteten på anlegget som er bestilt. Og så er det sjølvstakt viktig å ha ein god tone med naboane våre i Lavik, seier han.

Kontaktpersonar Statens vegvesen



Prosjektleiar
Oddvin Hov
oddvin.hov@vegvesen.no
Tlf. 57 72 40 61 / 952 53 141



Byggjeleiar
Gaute Strømme
gaute.stromme@vegvesen.no
Tlf. 95080345

Statens vegvesen Region vest, telefon 02030

vegvesen.no/europaveg/e39lavikferjekai